



Klart til start for barneskirenn - i Fjellhaugen. Denne gongen blir rennet i låglandet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er venta god deltaking også frå Uskedalen når det første karusellrennet denne vinteren går nede i Rosendal og ikkje på den tradisjonelle staden, oppe i Fjellhaugen.**

**Rennet går på bakkane rundt Avlsgarden søndag føremiddag.**

Det vert meir provisorisk enn dei er vane med i Fjellhaugen og det blir ein del ekstraarbeid for å få det gjennomført nede i låglandet.

Men reaksjonane på meldinga om flyttinga om rennet er berre positive og går ut på at det skal bli kjekt å skifta frå dei vanlege omgjevnadane.

Opplegget blir det tradisjonelle, med barneskirenn først og trimklassen i klassisk stil etterpå. Løypa går i uvante trasear rundt Baroniet og Avlsgarden og med start og mål på oversida av Løa. Blir det problem med avviklinga i Rosendal og rennet likevel må gå i Fjellhaugen, kjem det melding om dette på nettsida til Rosendal Turnlag.

- Det er begrensa kapasitet for parkering ved Avlsgarden og vi ber om at ein parkerar i nærleiken som til dømes ved HSD-garasjen og barnehagen, seier Elisabeth Stuland Mehl til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen,